

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

8. søndag i treeiningstida – 18. juli 2021

Evangelietekst: Mark. 12,37b-44

Lesetekst I: 2. Mos. 36,2-7

Lesetekst II: 2. Kor. 8,9-15 (preiketekst)

Vi gir, fordi han gav oss først...

Om dagen

I eit normalår når pandemiar ikkje avgrensar samlingsrommet vårt, kan det gi veldig god meining å ha denne teksta midt på sommaren. Då er mange kristne på stemne og leirar, og tekster om å gi så det monnar kan føre til akutt eller varig endring. Når den veldig sterke teksta frå 2 Kor 8 endeleg blir løfta fram som preiketekst, skulle eg likevel gjerne ha sett at den heller kom når folket var i ferd med å samlast igjen i opne kyrkjer til hausten, men slik blei det ikkje. Har noko fridom til å endre dette lokalt, så gjer endeleg det.

Felles fokus i dei tre tekstene er i alle fall kallet til å gi. Og gleda. Teksta frå 2 Mos fortel om ein slik iver til å gi at det blei reint for mykje. Moses måtte gripe inn og seie at dei hadde fått inn nok ved dette høvet. Sjølv om dette på ingen måte treffer allment for misjonsøkonomien, er det verd å tenke over for dei få givarobjekta som måtte fløyne over av popularitet. Vågar vi av strategiske grunnar å seie at noko burde stoppe, slik at andre heller fekk nytte av gåvene våre?

Om teksta

Paulus skriv to mektige kapittel om givartenesta i 2 Kor 8 og 9. Innsamlinga til dei Jesus-truande i Jerusalem er omtalt fleire gongar i Apostelgjerningane og i breva. Forsamlinga der det heile starta for den nye messias-rørsla, var i stor sosial nød. Det kalla på heile kyrkjekroppen si omsorg og handling, også i Hellas og Tyrkia.

NT vidarefører ikkje pålegg om gamaltestamentlege ordningar for tiande. GT viser til ulike slike ordningar, dels knytt til den direkte omsorga for dei fattige, dels knytt til finansiering av tempeltenesta og den landlause Levi-slekta sitt ansvar for å drifte denne.

At dette ikkje blir vidareført som eit pålegg i NT betyr likevel ikkje at vi kan sjå bort frå det sterke GT-prinsippet om fellesskap, rettferd og fordeling i forvaltning av det vi eig. Jesus er svært radikal i åtvaringa mot pengane si makt over oss. Den rike unge mannen gjekk sorgtung bort då Jesus med kravet om kvitte seg med pengar og eigedom avslørte kva som eigentleg var gud for han. Dei første kristne nettopp i Jerusalem hadde ei form for eigedomsfellesskap.

Det er ikkje heile bildet. Jesus let dei som hadde midlar, vere med å bruke rikdommen sin til å gi inn i hans og apostlane si teneste, og Jerusalem-modellen med eit stort eigedomsfellesskap er ikkje spegla i nokon andre byar eller forsamlingar rundt om i Paulus og dei andre sitt virkefelt.

Givartenesta får eit heilt nytt utgangspunkt i NT. Teksta vår startar der. Jesus i sin himmelske rikdom gav avkall på alt, slik at vi ved hans fattigdom skulle bli rike. Det går djupare enn at Jesus blei født i ein ordinært fattig snekkarfamilie i Galilea. Paulus går her til noko som liknar på «det salige byttet», frukta av Jesus død, der han blir botnlaus fattig når han tar våre synder, samtidig som vi bli uendeleg rike som ved tru tar i mot Guds evige nåde og rettferd som gåve.

Når vi gir, gjer vi det først og fremst som ein del av trua og takksemnda sitt svar på dette evangeliet. Jesu kjærleik når han ofrar seg heilt for oss, er ei forvandlande kraft i den truande sitt liv. I tillegg brukar Paulus Jesu offer som ein modell for vårt kall til offer. I lys av dette bør vi truleg vurdere språkbruken vår i kyrkje og bedehus. Når ofra dei fleste av oss sist? Sommaren då eg ennå var 18 tente eg 3000 kr. Å gi 300 av dette til misjon var både ei glede og eit offer for ein påtroppande student, men eg såg meg aldri tilbake og gav ti prosent av stipendet i heile studietida. Naturlegvis merka vi det. I vaksen alder med heilt andre inntekter tar eg meg i at eg rett og slett ikkje merkar at ti prosent går av kontoen kvar månad. Eg ofrar knapt. Betyr det at min generasjon skulle kjenne kallet til å dra på til vi kjenner det?

Evangelieteksta om enka sin skjerv peikar i den retninga. Dei ansvarlege som sat ved tempelkista og tok imot gåvene til tempelet, kunngjorde høgt og tydeleg kva kvar enkelt gav. Jesu alternative «kunngjering» då enka gav det ho eigde, var ein motsett bodskap. Fornedringa ved å gi «nesten ingenting» etter at dei mange «fromme» hadde fått ropt opp sine ærverdige beløp, blir snudd om av Jesus. Alle som gjer givartenesta si til eit prosjekt for å hauste ære og få applaus, blir sett på plass. La ikkje den venstre handa vite kva den høgre gir.

Både Paulus og Jesus knyter fridom til givartenesta. Fridom til å gi etter evne, og fridom til å sprengje taket på ti prosent. Det vi gir, skal verdsettast etter kor mykje vi har. I tillegg minner han oss på at vi må vere uthaldande i givartenesta vår, slik at vi fullfører over tid det vi starta på i stor iver. Derfor er fast givarteneste så viktig og over tid langt meir berekraftig for misjon og kyrkje enn dei ekstra kronene eg slo til med ein kveld av begeistring for god misjonsinformasjon.

Vi må legge merke til mønsteret i Paulus sin tankegang. Sjølv om formelt eigedomsfellesskap ikkje blei ei varig ordning i den første kyrkja, er han veldig tydeleg på at det eksisterer eit fellesskap i Jesus Messias som går langt utover privatøkonomien vår, langt utover vår lokale forsamling, ja, heilt ut til eit felles økonomisk og sosialt ansvar for heile den kristne kyrkja globalt. Dette kallet til beste for kyrkja som Jesu kropp er alle disiplar kalla til å følge.

Apostelen brukar eit gresk ord som blei oppfatta som politisk og sosialt ganske radikalt i samtida, isotes. Han brukar ordet to gongar, i vers 13 («Det skal vere likt») og 14 («Så blir det likt»). Det er som lokal og verdsvid kyrkje vi blir særleg adressert og utfordra her. Ved å leve ut fellesskapets kjærleik og solidaritet lokalt og globalt, blir kyrkja av jødar og heidningar det lyset og saltet i verda som Jesus snakkar om.

Om preika

Nokon syns det er vanskeleg å forkynne om givarteneste. Kanskje kjenner vi på at våre eigne band til mammon er av ein slik art at vi enten ikkje vil minnst på det, eller vi kjenner på svikt i frimod med tanke på eiga forvaltning. Det siste vitnar om eit fungerande samvit og er derfor eit hakk betre enn det første.

Kjære deg, du har ikkje noko val. Vi står overfor noko av den sterkaste åndsmakta som finns. I vår kultur kjempar vi alle med mammons makt i hjarta våre. Om ikkje anna er det ein viktig del av vår helging at vi som forkynnara blir tvungne til å snakke offentleg om dette. Det kortar ned vegen til ein sunn truspraksis, for vi må leve som vi lærer.

Midt i uredde formaningar – om vi vil følge Jesus og apostlane si forkynning som modell – må vi likevel alltid forankre forkynninga i sjøve evangeliet. Gud elsker den glade givaren som deler av kjærleik, og om nokon spør, skal eg som givar alltid kunne vise til årsaka og modellen for dei økonomiske disposisjonane min; han som gav seg sjølv for meg.

Rolf Kjøde

førstelektor, NLA Høgskolen

rolf.kjode@nla.no